

Møteprotokoll

Utval:	Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne
Møtestad:	Kommunestyresalen
Dato:	16.09.2025
Tid:	Kl. 10:00 – 11:30

Møteleiar:	Liv Kristine Solheim
Andre møtande:	Rune Thorsnes

Medlemer: Parti

Liv Kristine Solheim
Ragnfrid Hatlem
Magnar Fleten
Torunn Haukøy

Merknader:

Førefall frå Atle Lerpold – Torunn Haukøy vara og observatør.
Ikkje møtt Bjarte Hovland

Andre møtande:
Ordførar Kjell Eide
Arne Dale
Anne Marie Hansen

Underskrifter:

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
25/016	Godkjenning av innkalling
25/017	Godkjenning av sakliste
25/018	Godkjenning av protokoll frå førre møte
25/019	Referat- og orienteringssaker
25/020	Utvalet sitt kvarter

25/016: Godkjenning av innkalling

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 16.09.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/016 VEDTAK:

Innkallinga vert godkjent slik den ligg føre.

25/017: Godkjenning av sakliste

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 16.09.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/017 VEDTAK:

Saklista vert godkjent slik den ligg føre.

25/018: Godkjenning av protokoll frå førre møte

Protokollen frå førre møte vert godkjent slik den ligg føre.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 16.09.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/018 VEDTAK:

Protokollen frå førre møte vart godkjent slik den ligg føre.

25/019: Referat- og orienteringssaker

Leiar opna møtet med orientering om inkomne skriv og meldingar. Vidare at det skal opprettast eit vedtak i sak 2 (jamfør møtet i Rådet 10.06.25).

Orienteringar ved Ordførar:

Kommuneplan: Det vert jobba med samfunnsplan i Hyllestad kommune der alle innspel på ting ein vil jobbe med vert lagt inn. Har ikkje starta med møter endå men det er tenkt at planen skal vere ferdig ila hausten 25. Det skal lagast ein kommuneplan på grunnlag av dette.

- **Bustadprosjekt:** Det er gitt statlege føringar for bustadutvikling i kommunar og ein skal i gang med å finne ut korleis ein skal jobbe med dette. Hyllestad kommune har fått 1 million kroner i tilskot til dette arbeidet, og prosjektet skal styrast av nytilsett økonomisjef som skal tilsetjast i byrjinga av oktober. Det er særskild viktig at Rådet vert teke med i dette arbeidet, ordførar vil kontakte kommunedirektør om dette.
- **Ombygging:** Bibliotek- og ekspedisjonsområde + frivilligsentralen skal renoverast og er under ombygging.
- **Veg:** Hyllestad kommune får besøk av mellom andre fylkeskommunen for å sjå på tilstanden på vegen frå Lavik tom. Skifjorden. Dei vil saman med representantar frå Hyllestad og Fjaler kommune verte transportert med buss på strekninga.
- I Skifjorden er vegen etterkvart så dårleg at innbyggjarar ikkje tør å køyre til mellom anna butikk på vinterstid, i frykt for å kræsje/køyre utfor vegen. Ordførar meiner at Rådet bør spele inn problematikk rundt vegar i kommunen.
- **(Magnar Fleten)** kommenterar at vegen mellom Leirvik og lavik har vorte særskild smal etter at rekkverk er erstatta med støypekantar som kjem lenger inn i vegen.)

1. Vidare drøfting ang. boligareal tilpassa eldre, utføre, eldretun for heimebuande - jamfør stortingsmelding 2024 - 2028. Gjennomgang av tidlegare innsende brev frå Rådet, og frå Leirvik Grendalag v/ Arne Dale. Arne Dale stiller i møtet for å informere.

- **Arne Dale orienterar:**
- Mange eldre sit med store hus og hagar som er lite tilrettelagde, tunge å halde vedlike og stelle. Ein del av dei ynskjer mogelegheit til å kanskje flytte til sentrumsnære lettstelte leiligheter/eldretun.
- Han har laga eit skriv på dette som er sendt kommunen 18.03.2025. Arne drøfta dette tidlegare med Rolf Horne, som råda han til å ta dette opp når høyringsrunda for kommuneplanen startar. Dette skrivet bør og sendast til bustadprosjektet som kommunen skal starte opp i tillegg til frivillige lag og organisasjonar som LHL/Eldrerådet mfl.
- Mange eineboligar kan verte ledige på markedet dersom eldre får flytte inn i tilrettelagde bustadar.
- **Torunn Haukøy:** Kanskje det gamle skulehuset i Leirvik kan nyttast?

2. Drøfte vidare ang. hjelp til eldre og andre om bistand til ymse oppgåver dei ikkje klarar sjølve. Dette for å kunne bu heime lengst mogeleg. Det vert lagt fram brev frå Anne Marie Hansen og Pensjonistforbundet Hyllestad, som er sendt tidlegare. Anne Marie Hansen deltek i møtet under saka i møtet.

- **Sekretær/Frivilligsentral:** For å komme i gang med ei eller anna løysing på dette vert pensjonistlaget oppfordra til å kartlegge behovet for slik bistand, samt å identifisere eventuelle hjelpearar i sine rekker. Mange pensjonistar er særskild oppegåande og ein har allereie stor nytte av dei i Hyllestad kommune, kanskje nokon kan bidra ved slike oppgåver og?
- **Vedtak:** Rådet vedtek å oversende brev frå Anne Marie Hansen til fungerande kommunalsjef for helse og omsorg Linda Dalsøren Meier, for vidare handsaming.

3. Påmelding til Seniorskraft i regi av Fylkeskommunen, 28 - 29 oktober 2025. Det kan meldast på 2 frå kvar kommune.

- Leiar Liv Kristine Solheim deltek på Seniorskraft i Bergen og får dekkja deltakaravgift og overnatting/hotell. Rune melder på og bestiller.

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 16.09.2025

Handsaming:

Samrøystes

REMF- 25/019 VEDTAK:

Referat- og orienteringssakene vert tekne til vitande.

25/020: Utvalet sitt kvarter

Sekretær/Frivilligsentral:

Datakurs:

- Det er avtalt med Frode Hoff at han kjem og held datakurs for nybyrjarar/seniorar hausten 2025. Endeleg dato er ikkje bestemt, men kurset vil føregå på kommunehuset. Julie på frivilligsentralen har kontakta han og både ho og Rune vil hjelpe til med å gjennomføre kurset. Kurset vil vere gratis.
- Ber om at pensjonistlaget orienterar om dette i møter, og prøver å rekruttere.

Fredagsdrøs på omsorgssenteret:

- På fredagsdrøsen kan alle som vil møtast på omsorgssenteret for å slå av ein prat. Frivilligsentralen er i gang med å prøve å få serviceskyssen til plukke opp dei som har lyst til å delta på dette, heime.

Rådet for eldre og mennesker med nedsett funksjonsevne 16.09.2025

Handsaming:

REMF- 25/020 VEDTAK: